


PROLOG



tiden

Djupt nede i mørk mold som ein gong var ei myr, låg ei kvinne, svart av elde. Ho var kledd i ullkjole og kappe med bronse-nål, og på føtene var leivningane av mjuke kalveskinssko. Dei nakne armene låg falda kring ein seidstav av ask.

Lysset på gamlemyra var bleikt, og morgondisen strekte seg tynn over halm og pors heilt til kveldskulda krølla ny skodde fram mellom trestammene.

Skjorene samla seg rundt plassen, dei heldt ting i trekro-nene og skreik og jamra seg, for skjorer kjem aldri til semje. Det fanst ikkje far etter hjort eller rev. Berre eit enkelt tråkk av breie potar med klør kunne sporast ut til midten av plassen og tilbake same veg, og viste at det likevel hadde vore dyr her nyleg.

Lysningen låg på øya Durnakvild i landet Blåinn. Fjorden gjekk som to smale sund kring øya, og smalna inn i landet mot nord, men mot sør gapte han vidt kring øya, som låg stor og brei i fjordmunningen. Havet blei trekt inn og ut igjen to gonger i døgnnet, og vatnet var på sitt høgaste rundt øya om lag fire timar etter at månen sto rett i sør. Kvinna hadde sove i myra mens fjorden hadde trekt det rolege andedraget sitt like mange gonger som eit menneske trekker pusten i ein liten mannsalder. Sjølv hadde ho ikkje trekt pusten sidan ho lét seg søkke i det sure vatnet.

Kvinna i torva låg djupt, og det eine blota hestehovudet etter det andre var senka over henne gjennom hundreåra. Ho hadde ingen sår. Ingen rivner i den mørke lêrhuda. Ho var ikkje ofra.

Volva Áma hadde sjølv lagt seg til å sove i myra. Der hadde ho kvilt i snart tusen år, for ho hadde sove sidan det store skjelvet, og menneskefolka rekna no tida si slik at det var 950 år etter Eletiel.

Det siste volva Áma gjorde før ho gjekk til kvile, var å legge sitt islett i verdsveven. Ho bar i seg dei siste strofene i songen for Eirabu, desse avgjerande verselinjene som ville sette hendingar i rette rørsler: Ho hadde spådommen om verdas ende. Det var hennar lagnad, i denne verda som i den førre, og som det ville bli i den neste. Ho bar med seg spådommen om ragnarok for kvar verd, og gav han frå seg når tida var inne.

For 950 år sidan var ho blitt vekt. Til myra var det komme nokon som ville vite alt. Ein som skulle bringe orda hennar ut til gudar og minnemødrer, ut i den verda som framleis var. Ut til dei som skulle døy, og til dei få som skulle overleve og minnast. Det var komme ein hovmodig gud som ville vite meir enn andre unge gudar. Han hadde stukke ein seidstav i myra, pressa han djupt ned og late han verke for seg. Slik var volva Áma blitt vekt og mana fram.

Guden Jolnir kom mens verda var slik ho hadde visst ho skulle vere. Ho hadde merka korleis menneskefolk kraup og kravla overalt. Dei hadde spreidd seg over berg og utover skogar, mens tussefolk og småfolk hadde trekt seg unna. Berre minnemødrene, det eldste folket i verda, vandra framleis blant menneskeborna. Ho hadde visst at dette var rette tida for å skjenke denne verda dei orda ho bar i seg. Orda om det som hadde vore, det som var, og det som skulle komme.

Den unge guden følgde etter henne til seidhjellen, og før ho klatra opp på steinen, hadde han halde fram gåva han hadde med. Ho hadde tatt imot seidstaven, late fingrane gli over ormehovudet med horna og det glatte, slitne treet. Ho hadde merka kva som strøymde i staven, og visst at dette var den eldste. Ei verdig gåve. Så hadde ho gitt han sanninga om framtida i byte.

Jolnir hadde vridd seg ynkeleg under orda hennar, og hånleg hadde ho spurt etter kvart einaste vers om han verkeleg ville vite meir. Gong på gong hadde ho stansa og spurt, og han kunne

ikkje fri seg frå å vilje vite. Til sist sokk han saman framfor henne og grein, for det viste seg at tida hans var knappare og dådane hans i denne verda færre enn han hadde vore i stand til å førestelle seg. Plassen hans i historiene til minnemødrene ville bli liten, og slik ville spora etter han fort svinne.

Volva Áma hadde sett han tørke tårene som ein liten gut, reise seg og rette seg, og så hadde han vendt henne ryggen og gått bort. Nøgd og trøytt hadde ho gått tilbake til myra, samla ullkappa kring seg og late seg søkke. Det siste ho merka, var eit veldig skjelv gjennom jorda under seg og kring seg. Skjelvet bar bod om at orda hennar no var i verda. Ho hadde sett det heile i gang. Så sovna ho.

No låg verda stille, og fjorden heldt pusten ein augneblink. Fuglar og dyr tagde i skogen kring lysningen, sjølv skjorene tagde. Berggrunnen under Durnakvild merka at noko var i ferd med å skje.

Så knaka det i verdsflaka, samangrodde sår under Storhavet slo tynne sprekker. Storganden, ormen som heldt jorda og havet frå kvarandre, bukta seg over varmen som strøymde opp frå dei kalde djupa. Steinblokkar fall og havflata rulla fram i veldige bølger. Heilt mot nord kunne dei merke skjelva. Heilt inn i fjorden, til øya, til gamlemyra der Áma hadde sove under stadig fleire flirande hestehovud.

Nede i mørket opna ho auga. Ho merka seidstaven mellom hendene. Fingrane greip gjennom torv og mørke. Opp gjennom tunge, fuktige lag av torv og dyrerestar kraup ho.

Tynne armar strekte seg opp av molda. Eit skite hovud med klistrete hårtjafsar pressa seg opp mot det bleike lyset. Áma var igjen vaken.

Det første ho gjorde, var å kaste kraftig opp. Så forlét ho den opne plassen mellom trea. Skjorene var framleis tause. Dyra som nyss blei skremte opp av skjelvet, kraup saman og laga ingen lyd kring den attgrodde stien der Áma fann veg gjennom skogen. Ho gjekk til ho fann det ho leita etter. Ein haug.

På haugen låg ein mosegrodd steinblokk. Áma banka lett på steinen med seidstaven ein gong. Mosen tørka brått, og fall av då ho banka andre gong. Tredje gong banka ho, og sa: «Det får halde. Hjelen er vigd.»

Ho klatra opp og sette seg på den glatte flata. Ho lukka auga, trekte lufta inn. Kjente ange, kulde, varme. Merka den kalde steinen under seg, og den rå lufta og solvarmen mot huda.

Så lét ho anden sin spreie seg, gli ut og vekse seg inn i alle ting kring henne. Eit svart punkt bak dei lukka auga var ankeret, resten fekk bølge fritt ut i verda og inn i alle ting. Ho merka skogen, alt rundt seg. Gleid vidare, breiare, utover skogens grenser, utover heile øya. Ho merka hus og folk som hadde busett seg, dyr og marker. Anden hennar gleid over vatnet, vidare, utover. Og slik sat Áma resten av dagen, til ho hadde merka seg heile den verda ho igjen hadde vakna til.

Først då sola fall bak tretoppene, samla ho seg igjen og dvelte ved denne verda. Ho var ikkje som venta. Hendingar vanta. Ingenting kring henne var som det skulle vere. Ho mintest brått guden som vendte ryggen til henne.

Den unge guden hadde allereie blota eine auget sitt til tussemaktene for å få kjennskap til verda han var fødd inn i. Seinare hadde han delt alt han visste med minnefolket, ikkje for deira skuld, men i byte for meir kunnskap: For seidstaven. Minnemora fekk sogene hans om den aller første tida i denne verda, og i byte fekk han legge hendene på krefter som var djupare enn hans eige vit kunne rekke.

Han hadde komme til henne, til volva, for å legge denne staven i hennar hender, i byte for kunnskap om det som hadde vore før han sjølv var fødd, og om det som skulle komme.

Áma hadde sett ein ung gud med tankar om si eiga skinande framtid og ein sterk vilje til å gjere det han meinte ville føre han dit. Men ho hadde også sett ein gud med usløkkeleg vitehug. Ingen kan tru alt det beste om seg sjølv og samstundes søke sanninga. Slik kunnskap kan ikkje sameinast med eit ukrenkt bilete av eiga framtid. Ho hadde gitt han sanninga, og sett kor-

leis ho tok frå han den skinande draumen om eiga makt. Han hadde knelt, og han hadde gråte.

Ho kjente makta si, den makta orda hennar gav, ord frå den som ikkje døyr, og som kjenner sanninga om dei som er døde, og dei som skal døy. Ho hadde hånt han. «Vil du vite meir, eller kva?» Mens ho lét seg søkke i myra, nøgd med at orda hennar no var ute og ville endre verda, nøgd med å ha sett gudekvalpen falle saman i gråt, hadde ho vore så viss. Neste gong ville ho vakne til verdsundergangen. Neste gong ville ho blir rista vaken av fjell som fall saman, land som rann i havet. Ho ville vakne til sjøar raude av blod. Ho ville stå på den søkkande jordskorpa i denne verda og sjå drakeskinnet rivne. Ho ville stå på denne staden, denne steinen, og sjå Svids flammehird galoppere inn over Eirabu. Ho ville nyte rittet, den ville jakta, villare og mektigare enn noka gudehird. Svids menn og flammer ville sluke den kjente verda, og løyse opp verdsordenen. Og ho skulle stå her mens kulde og mørke atter delte seg, og ho ville vite at alt blei slik ho hadde sagt. Orda hennar ville oppfyllest, eitt for eitt, til kvart ord var blitt til røynd og denne verda var borte. Ho hadde ikkje tatt seg bryet med å tvile.

Slik var det ikkje blitt. Ho merka menneske og byar, jordbruk, skip med gods og utan hirdmenn. Ingen stader merka ho gudane. Ingen stader i denne verda hadde ei einaste gudommeleg handling sett i stand noko av det som var spådd. Ho merka seg småfolk og tussar, verger og ulvar, ho merka ei kvinne av minnefolket ved kongens hov og ein sverdsmed frå Durinn. Men ikkje ein einaste gud vandra på grøn mark i Eirabu, segla på Storhavet over ormen eller reid gjennom skogane der menneskefolka jakta.

Áma klatra ned igjen frå seidhjellen og lukka auga. Noko hadde gått gale. Ingenting var sett i rørsle.

Ho hørte ikkje orda sine hos folket til minnemødrene. Kvi-
for visste dei ikkje?

Gudekvalpen måtte ha tagd. Han hadde halde orda hennar for seg sjølv. Ho såg han for seg, med skamma over sitt eige

kommande elende og den einaste blant gudar som kjente siste verset av songen for denne verda. Han måtte ha tagd og fare med løgn. Fortalt andre historier vidare. Han hadde late seg hylle og dyrke av uvitande menneskefolk, heva armane over slagmarkene til eiga ære og ropt ut løgnene sine til gudefolk. Ikkje eitt ord av spådommen hadde nådd minnemødrene, som skal bere med seg alt som har skjedd, frå denne verda til den neste. Han hadde freista endre ordlyden i songen for Eirabu.

Áma kunne ikkje sove meir no. Trådane var spunne, og songen frå skyttelen bar bod om endetida. Slik var verdsordenen. Den var større enn gudekvalpen og dette pakket av yngre gudar. Ho hadde sagt det ho skulle seie. Ho hadde gitt frå seg spådommen, i rett tid. Ho hadde merka jorda skjelve då ho sovna.

Ho kunne ikkje la seg søkke i myra igjen og la desse unge gudane tru dei kunne rå med sin eigen lagnad. Jolnir, den einøygde, skulle ikkje tru han kunne lyge ustraffa. Alt som ikkje dør og rotnar, kjem til overflata. Ho var her framleis, og orda hennar var ikkje borte. Spådommen hennar *skulle* ende denne verda, for slik fjorden pustar, skal mørket og lyset puste. Verder blir til, og verder skal gå under, som andedrag. Dei yngre gudane var av denne verda, og kunne ønskje at skyttelen sto still, at songen stilna og verda heldt pusten. Dei kunne lyge og svike om så var, for å stanse det ustanslege. Men ho var her framleis, og ho ville ikkje la det skje.

Likevel kunne ho ikkje gjere om alt som hadde hendt og ikkje hendt desse åra ho hadde sove. Gudesviket hadde endra vilkåra.

Áma vende seg mot sør. Ho hadde merka hus der då ho lét anden sin gli utover, store hus på sørenden av øya. Der hadde ho merka seg både menneskemakt og eldre makter.

Og vidare sør, langt der borte, i andre enden av havet, hadde ho merka meir. For den som vakna samstundes med henne sist, var også vaken no. Den eldste hadde slumra, men no ville han også opne auga, bunden i berget, og utan forløyisinga han skulle hatt.

Dei yngre gudane skulle ikkje få halde lagnaden frå meir. Om dei trudde seg størst og mest skinande, skulle dei få sanne seg unge og ynkelege. No ville volva sjølv finne Den eldste. No ville ho sjølv gjere ord til røynd og verda til ende.

*Ei i berget det blå
blod kan ein lite på
ei gir hovet blod
ei er drotten tru
for blod kan ein lite på*

*Vergene tre vil vike
gudeborna svike
søstrene tre vil stå
for blod kan ein lite på*

Volva Áma rista av seg torva som var tørka på ullkjole og kappe. Ho begynte å gå mot høvdingsetet til menneskefolka i Bláinn. Der ville ho vekke ein lengt etter makt og finne krefter som kunne brukast til hennar vilje.

Áma gjekk mot Fagerheimen, og alt mens ho gjekk, sprang lette ulvepotar gjennom skogen i Bláinn. Ørnevenger svedde utan lyd over henne, og snart ville herduegane i berget og sølvfiskane i havet vite at ho var vaken. Vergene ville vere på vakt.

tiden



tiden